



Deloitte AS

Dato: 06.05.2015

Vår ref.: 2015/4288-2

Dykkar ref.:

Partsbrev - Gjestekunstnarbustader og -ordningar knytt til Hordaland fylkeskommune - Henvending frå fylkeskutvalet

Vedlagt følger partsbrev for sak PS 35/15 «Gjestekunstnarbustader og –ordningar knytt til Hordaland fylkeskommune – Henvending frå fylkesutvalet» som vart handsama i møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 4.5.15.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:

Fylkesrådmannen

ORGANISASJONSAVDELINGA

Arkivnr: 2015/4288-1
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	35/15	04.05.2015

Gjestekunstnarbustader og -ordningar knytt til Hordaland fylkeskommune - Henvending frå fylkeskutvalet

Bakgrunn for saka:

Fylkesutvalet handsama i møte 26.3.15 sak PS 75/15 «Gjestekunstnarbustader og – ordningar knytt til Hordaland fylkeskommune» der dette vart protokollert:

«**Mona Hellesnes** sette på vegner av V, Frp og H fram slik forslag:

1. "Saka vert utsett.

Grunngjeving:

I vedteke budsjett for 2015 skal tildeling til gjesteatelier og Ambrosiahuset haldast tilbake til gjeldande retningsliner eller forslag til slike ligg føre.

Slike retningsliner må vere med i saka når ho vert lagt fram for ny handsaming.

2. *Fylkesutvalet ber kontrollutvalet sjå på oppfølginga av tidlegare vedtak knytt til leilighet i Covarrubias, Spania."*

Røysting

Hellesnes sitt forslag 2 vart vedteke mot 2 røyster (SV, KrF).

Hellesnes sitt forslag 1 vart vedteke mot 1 røyst (KrF).

Vedtak

Fylkesutvalet ber kontrollutvalet sjå på oppfølginga av tidlegare vedtak knytt til leilighet i Covarrubias, Spania.

Saka vert utsett.»

Saksframlegg med vedlegg ligg ved denne saka.

Drøfting:

Kontrollutvalet skal på vegne av fylkestinget føre kontroll og tilsyn med fylkeskommunen si verksemد, m.a. på bakgrunn av vedteken plan for forvalningsrevisjon. I tillegg til dette kan fylkestinget pålegge kontrollutvalet å gjennomføre kontrollhandlingar som dei ønsker skal verta utført. Fylkesutvalet har ikkje same retten til å pålegge kontrollutvalet å gjennomføre kontrollhandlingar. Sekretariatet er likevel av den oppfatning at det skal gode grunnar til å ikkje vurdere om ein bør gjera noko med denne førespurnaden, på lik linje med førespurnader frå andre. På bakgrunn av dette vert det tilrådd at kontrollutvalet diskuterer seg fram til om dette er ei sak som utvalet ønsker å prioritere og i tilfelle kva ein skal gjera med den.

Konklusjon:

Saka vert lagt fram til diskusjon utan forslag til vedtak.

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.05.2015

Handsaming i møte

Kontrollutvalet ber Deloitte gjera fleire undersøkingar i sak om kunstnarbustad i Covarrubias. På bakgrunn av dette vert dei beden om å leggje fram forslag til ein prosjektplan for det vidare arbeidet til neste møte i kontrollutvalet.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan for det vidare arbeidet med sak om kunstnarbustad til neste møte i kontrollutvalet, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.
2. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 1.6.2015.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Gjestekunstnarbustader og -ordningar knytt til Hordaland fylkeskommune
- 2 Samarbeidsavtale mellom Hordaland fylkeskommune og regiona Nedre-Normandie ang kunstnarutveksling